



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 21 S

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

---

## Endringar i statsbudsjettet 2012 under Landbruks- og matdepartementet

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 16. november 2012,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### **1 Innleiing**

---

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2012.

### **2 Framlegg til endringar i løyvingar under kapittel og postar i 2012**

---

#### **Kap. 1100 Landbruks- og matdepartementet**

##### *Post 01 Driftsutgifter*

I Prop. 1 S (2011-2012) for Landbruks- og matdepartementet blei det lagt til grunn ein auke på departementet sitt driftsbudsjett i samband med departementet si flytting frå regjeringsbygg R5 til R6. Statsbygg har seinare justert arealfordelinga, og dermed òg kostnadene til husleige og andre driftskostnader. Departementet gjer derfor framlegg om å redusere utgifta på posten med 7,8 mill. kroner.

##### *Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald*

Landbruks- og matdepartementet har i 2012 seld eigedom på Kjeller i Skedsmo for 15,6 mill. kroner, jf. omtale under kap. 4100, post 40. Med bakgrunn i Prop. 1 S (2011-2012) legg departementet til grunn at utgifter i samband med salsprosessen blir dekte av salsinntektene. I 2012 har departementet hatt utgifter i samband med regulering og sal på 9,9 mill. kroner. Den største utgifta kom som følgje av eit refusjonskrav for utbygging av veg og leidning. I tillegg har det vore utgifter knytt til oppmåling, tinglysning, regulering og konsulentbistand.

Landbruks- og matdepartementet har òg seld ein mindre eigedom i Oppdal for 252 000 kroner, og gjer framlegg om å auke kap. 1100, post 45 med ein tilsvarande sum. Samla gjer departementet framlegg om å auke løyvinga på posten med 10,1 mill. kroner.

---

**Kap. 1100, 1115, 1148, 1150, 4100, 4115, 4150, 4162, 5576, 5651, 5652**

**Kap. 1115 Mattilsynet***Post 22 Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser*

Posten blei i Prop. 111 S (2011-2012) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2012* auka med 760 000 kroner for 2012. Nye utreknningar frå Mattilsynet og KLP indikerer eit behov for å auke posten ytterlegare. Departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten med 1 mill. kroner grunna eingongspremiar for tidlegpensjon m.m.

*Post 71 Tilskott til erstatningar*

Tilskotta over posten dekkjer utgiftene Mattilsynet har til nødhjelp til dyr etter dyrevernloven § 6, og der utgifta ikkje kan drivast inn frå eigar. Staten skal i medhald av lova dekkje utgiftene, og løyvinga over posten er ei overslagsløyving. Ved utgangen av september 2012 er det ført om lag 2,5 mill. kroner på kap. 1115. For å sikre realistisk budsjettering, foreslår departementet å auke løyvinga over posten med 2,6 mill. kroner, til 3,7 mill. kroner.

**Kap. 1148 Naturskade – erstatningar***Post 71 Naturskade, erstatningar*

2011 var eit år med mange og store naturskadehendingar. Basert på rapportar frå dei distrikta som var sterkast råka, blei løyvinga auka til 163 mill. kroner i samband med behandlinga av Prop. 111 S (2011-2012). Etter kvart som lensmannsskjønna har komme inn til Statens landbruksforvaltning (SLF), er anslaget no justert opp til 220 mill. kroner for 2012. Løyvinga er ei overslagsløyving, og departementet gjer framlegg om ein auke på 57 mill. kroner.

**Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.***Post 50 Fondsavsetningar*

Tilskott til helse- og utviklingstiltak for sau og geit, inkludert kompensasjon for bortfall av produksjons- og avlørsartilskott, er ein del av løyvingssamma for Landbrukets utviklingsfond (LUF). Prognoser frå SLF viser eit overforbruk på 6 mill. kroner. Departementet gjer derfor framlegg om å auke løyvinga på posten med 6 mill. kro-

ner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 1150, post 74 Direkte tilskott.

Departementet gjer òg framlegg om å styrkje LUF med 3,7 mill. kroner, svarande til inntekta på kap. 4150, post 70. Inntekter frå tilbakebetalte tilskott til reguleringsanlegg blir vanlegvis nytta til å styrkje LUF i samband med jordbruksoppgeret, men inntekta var ikkje kjend då jordbruksavtalen blei lagt fram for Stortinget. Samla gjer departementet framlegg om å auke løyvinga på posten med 9,7 mill. kroner.

*Post 71 Tilskott til erstatningar m.m.*

Formålet med løyvinga er å gi økonomisk kompensasjon til føretak i jordbruket som har lidd tap som kjem av forhold føretaket ikkje rår over. Løyvinga over posten er ei overslagsløyving, og erstatningar blir gitte i tråd med regelverk fastsett av Stortinget. Svært store avlingsskadar mange stader i 2011 resulterte i eit betydeleg større volum enn i eit normalår. Stor saksmengde i mange fylke resulterte samstundes i at ein større del av utbetalingane enn det som var lagt til grunn har komme i 2012. Prognosane viser no at utbetalingane i 2012 vil bli 40 mill. kroner høgare enn lagt til grunn i Prop. 1 S (2011-2012), og departementet gjer framlegg om å auke løyvinga på posten i tråd med dette.

*Post 73 Pristilskott*

Formålet med løyvinga er å styrkje bøndene sine inntekter og å jamne ut distriktsforskjellar som skuldast ulike dyrkingsvilkår og infrastruktur. Løyvinga over posten er ei overslagsløyving, og tilskott blir gitte i tråd med fastsette satsar. Prognosen frå Statens landbruksforvaltning viser eit mindreforbruk på 143,7 mill. kroner for 2012. Departementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga på posten i tråd med dette.

*Post 74 Direkte tilskott*

Løyvinga dekkjer dei direkte tilskotta til næringsutøvarar i tråd med jordbruksoppgeret. Forbrukarprognosane for 2012 viser eit underforbruk på 7,8 mill. kroner. Landbruks- og matdepartementet viser til omtalen under kap. 1150, post 50 Fondsavsetningar, og gjer framlegg om å redusere løyvinga på posten med 6 mill. kroner for å dekkje overforbruket på Landbrukets utviklingsfond (LUF).

**Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet***Post 40 Sal av eignedom*

Landbruks- og matdepartementet har i 2012 seld eit større utbyggingsareal på Kjeller i Skedsmo for 14,5 mill. kroner. Det er gjennomført ei forvaltningsoverføring av ein parsell til Forsvarsbygg, mot ein kompensasjon på 1,1 mill. kroner. Departementet har òg seld ein mindre eignedom i Oppdal for 252 000 kroner. Sala har skjedd i tråd med fullmakt gitt i samband med Stortinget si behandling av Prop. 1 S (2011-2012). Departementet gjer framlegg om å opprette kap. 4100, post 40 for 2012 med ei inntektsløyving på 15,8 mill. kroner.

**Kap. 4115 Mattilsynet***Post 01 Gebyr m.m.*

Foreløpige utrekningar viser at gebyrinntektene under Mattilsynet vil bli lågare enn det var budsjettert med i Prop. 1 S (2011-2012). Departementet gjer framlegg om å redusere inntekta over posten med 16,9 mill. kroner, til 105 mill. kroner.

Den største delen av reduksjonen skuldast at gebyrbelagde oppgåver i kjøttkontrollen er overførte frå Mattilsynet til det enkelte slakteriet. Reduksjonen har òg samanheng med manglande endeleg regelverk for gebyr knytt til skjelkontroll eller gebyr knytt til prøveordninga med utvida opningstid i grensekontrollen i region Troms og Finnmark.

**Kap. 4150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.***Post 70 Tilbakebetalt tilskott til reguleringsanlegg*

Omsetningsrådet gjorde i mai 2012 vedtak om tilbakebetaling på totalt 3,7 mill. kroner for fire reguleringsanlegg som ikkje lenger blir nytta til formålet. Departementet gjer derfor framlegg om å opprette kap. 4150, post 70 for 2012 med ei løyving på 3,7 mill. kroner.

*Post 85 Marknadsordninga for korn*

Ordninga omfattar prisutjanningsbeløp på råvarer til produksjon av kraftfôr. Inntekta er avhengig av det omsette volumet og forskjellen mellom norsk målpris på protein og prisane i verdsmarknaden. Nye anslag tyder på at inntektene blir høgare, og departementet foreslår derfor å auke inntekta over posten med 9,3 mill. kroner, til 37 mill. kroner.

**Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap***Post 90 Avdrag på lån*

Landbruks- og matdepartementet legg til grunn at inntektene frå arronderingssalet som starta hausten 2011, blir nytta til avdrag på det statlege lånet Statskog SF fekk i samband med oppkjøpet av Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010-2011) *Kapitalforhøyelse og statlig lån til Statskog SF*. Prognosane for salet tilseier ei inntekt på 67 mill. kroner i 2012. Departementet gjer derfor framlegg om å auke løyvinga på posten med 23 mill. kroner.

**Kap. 5576 Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet***Post 70 Avgifter i matforvaltninga*

Avgiftene i matforvaltninga fall bort med verknad frå 1.1.2012. Den budsjetterte inntekta på 117 mill. kroner i Prop. 1 S (2011-2012) er knytt til oppsamla utgifter frå 2011 som kom til innbetaling i 2012. Pr. 1.9.2012 var det rekneskapsført 151,5 mill. kroner på posten. Det er ikkje forventta ytterlegare innbetalningar i år, og departementet gjer derfor framlegg om å auke løyvinga over posten med 34,5 mill. kroner.

Den største delen av auken skuldast eit etterlep i innkrevjinga og inntektsføringa av avgifter på importerte næringsmiddel og planter som ikkje inngår i matproduksjon. I tillegg er inntektene frå matproduksjonsavgiftene på landbaserte næringsmiddel og fisk høgare enn budsjettert.

**Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet***Post 85 Utbytte*

I Prop. 1 S (2011-2012) for Landbruks- og matdepartementet er det budsjettert med eit utbytte på 5 mill. kroner frå dei aksjeselskapa der departementet representerer statens eigardel. I 2012 har det blitt betalt ut 4,6 mill. kroner, fordelt på 4,1 mill. kroner frå Veterinærmedisinsk oppdragssenter AS og 510 000 kroner frå Kimen såvarelaboratoriet AS. Departementet gjer derfor framlegg om å redusere løyvinga over posten med 405 000 kroner.

**Kap. 5652 Renter og utbytte – Statskog SF***Post 80 Renter*

Rentene på lånet Statskog SF fekk ved kjøpet av selskapa Borregaard Skoger AS, Borregaard Vafos AS og Børresen AS frå Orkla ASA, jf. Prop. 11 S (2010-2011), vil vere på om lag 22,5 mill. kroner i 2012. Departementet gjer derfor framlegg om ein auke av løyvinga på posten på 0,6 mill. kroner.

**3 Andre saker**

---

*Auka tilsegnfullmakt, naturskade*

Kap. 1148, post 71 er ei overslagsløyving, og skadeerstatningar blir gitte etter nærare fastsette

reglar. Oppdaterte prognoser viser at det vil bli gitt tilsegn om erstatningar i 2012 som ikkje vil komme til utbetaling same året. Landbruks- og matdepartementet foreslår derfor å auke tilsegnfullmakta for 2012 med 65 mill. kroner, til 142 mill. kroner.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2012 under Landbruks- og matdepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2012 under Landbruks- og matdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2012 under Landbruks- og matdepartementet

## I

I statsbudsjettet for 2012 blir det gjort følgende endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1100		Landbruks- og matdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 146 677 000 til kr 138 914 000	7 763 000
	45	Større utstyrskjøp og vedlikehold, <i>kan overførast, kan nyttast under post 50</i> , blir auka med ..... frå kr 2 595 000 til kr 12 715 000	10 120 000
1115		Mattilsynet:	
	22	Reguleringspremie til kommunale og fylkeskommunale pensjonskasser, blir auka med ..... frå kr 7 985 000 til kr 8 985 000	1 000 000
	71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 131 000 til kr 3 731 000	2 600 000
1148		Naturskade – erstatningar:	
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 163 000 000 til kr 220 000 000	57 000 000
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	50	Fondsavsetningar, blir auka med ..... frå kr 1 149 653 000 til kr 1 159 353 000	9 700 000
	71	Tilskott til erstatningar m.m., <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 70 000 000 til kr 110 000 000	40 000 000
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med ..... frå kr 2 290 100 000 til kr 2 146 450 000	143 650 000
	74	Direkte tilskott, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 8 240 591 000 til kr 8 234 591 000	6 000 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4100		Landbruks- og matdepartementet	
	40 (ny)	Sal av eigedom, blir løyvd med .....	15 849 000
4115		Mattilsynet:	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med .....	16 900 000
		frå kr 121 889 000 til kr 104 989 000	
4150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.:	
	70 (ny)	Tilbakebetalt tilskott til reguleringsanlegg, blir løyvd med .....	3 700 000
	85	Marknadsordninga for korn, blir auka med .....	9 300 000
		frå kr 27 700 000 til kr 37 000 000	
4162		Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	
	90	Avdrag på lån, blir auka med .....	23 000 000
		frå kr 44 000 000 til kr 67 000 000	
5576		Sektoravgifter under Landbruks- og matdepartementet	
	70	Avgifter i matforvaltninga, blir auka med .....	34 500 000
		frå kr 117 000 000 til kr 151 500 000	
5651		Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	
	85	Utbytte, blir redusert med .....	405 000
		frå kr 5 000 000 til kr 4 595 000	
5652		Renter og utbytte – Statskog SF	
	80	Renter, blir auka med .....	600 000
		frå kr 21 900 000 til kr 22 500 000	

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

## II

*Tilsegnfullmakter*

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2012 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar .....	142 mill. kroner





Tykk: AS O. Fredr. Ainesen. November 2012

241491